



Hordaland Fylkeskommune
v/ samferdsleavdelinga,
Postboks 7900,
5020 Bergen
Att: Marte Hagen Eriksrud

Dato: 18.11.2015
Vår ref: Knut Olav Røssland Nestås

Agnes Mowinckels Gate 5,
Fylkeshuset,
5008 Bergen
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Høyringsinnspel til planprogrammet for Regional Transportplan 2018-2029

Trygg Trafikk i Hordaland ønskjer med dette å gje sitt høyringsinnspel i samband med rullering av ny Regional Transportplan, som skal gjelde frå 2018-2029. Hordaland fylkeskommune er ein viktig trafikktryggleiksaktør, og kan gjennom sine prioriteringar også bidra til å ta viktige steg for å redde fleire liv og unngå fleire ulukker langs vegane i fylket vårt. Ei slik rolleforståing er naturleg, så lenge fylkeskommunen sjølv reknar seg som *ein heilskapleg transportpolitisk aktør* (s.4 i utkast til planprogram).

Etter vårt syn bør derfor også nye Regional Transportplan ha ein overordna målstruktur som reflekterer dei nasjonale transportpolitiske målsetjingane, og som er tydeleg på kva som er hovudmåla for arbeidet vidare. Punkt 4.2 Hovudmål, delmål og strategiar i planarbeidet, illustrerer at trafikktryggleik er underordna tre hovudmål, nemleg:

- Transporttilbodet skal bidra til positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar*
- Bergensområdet skal ha eit transportsystem og eit utbyggingsmønster som gjev god tilgjenge til viktige reisemål og effektiv transport for brukarane*
- I distrikta skal transporttilbodet gje betre framkome og reduserte avstandskostnader*

Trygg Trafikk synest det er uheldig om effektvitet og framkome skal verdsettast høgare enn ein reduksjon i risikonivået i trafikken og dermed auka trafikktryggleik. Etter vårt syn bør dei overordna målsetjingane i ny Regional Transportplan ta innover seg dei nasjonale

transportpolitiske målsetjingane, og ha trafikktryggleik som eitt av hovudmåla. Som ein del av punkt 4.2 problematiserer ein òg potensielle målkonflikter. Det er urovekkjande viss trafikktryggleik vert sett på som underordna framkome og effektivitet, sidan kortare reisetid ikkje nødvendigvis er synonymt med tryggare ferdslle.

Under punkt 4.3 Handlingsprogram er dei transportpolitiske målsetjingane differensierte for Bergen og Hordaland elles. I Bergen skal ein ha fokus på redusert bilbruk, medan ein i distriket heller skal satsa på auka grad av trafikktryggleik og framkome. Trygg Trafikk i Hordaland er nøgd med at ambisjonsnivået knytt til fleire syklande og gåande vert sett i samanheng med redusert bilbruk. Det er også viktig å skilje trafikantgruppene mest mogleg frå einannan i gatebiletet, for å unngå høgare ulukkesrisiko og konfliktnivå mellom gåande og syklande. Tilsvarande viktig er det at ein satsar på drift og vedlikehald, for å unngå unødige sykkelulukker. Ved å leggje til rette for fleire syklande og gåande, kan òg mykje tyde på at ein over tid kan oppnå ein «Safety in numbers»-effekt, der eit aukande tal på syklande og gåande kan bidra til å redusere risikonivået for kvar enkelt trafikant. Med redusert biltrafikk vil ein òg kunne hente ut ein tilleggseffekt gjennom eit dempa konfliktnivå mellom trafikantrgruppene.

Det er elles positivt at fylkeskommunen har ambisjonar for trafikktryggleik i distrikta, men dette må sjåast i samanheng med overordna målstruktur og det er derfor viktig med ein balanse mellom trafikktryggleik og framkome. Ved konflikt mellom framkome og trafikktryggleik, må liv og helse kome først, etter Trygg Trafikk sitt syn. Me vonar difor at den overordna målstrukturen reflekterer dette gjennom tydelegare satsing på trafikktryggleik. Det er òg positivt at fylkeskommunen skal sjå nærare på vedlikehaldsetterslepet, jf. 5.1.3 og Statens Vegvesen sin vedlikehaldsrapport på etterslep i storleiksordenen 6,5 milliard, og utgreia moglegheiter for fleirårig satsing for å redusera desse utfordringane.

I samband med punkt 5.1.9 Trafikksikring vert det synt til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland for perioden 2014-2017. Denne planen er eit godt verktøy som kan bidra til å konkretisere og operasjonalisere Regional Transportplan sine ambisjonar på vegne av



trafikktryggleiksarbeidet. Trygg Trafikk i Hordaland ser det som ønskjeleg at Regional Transportplan og Handlingsplan for trafikksikring vert sett meir i samanheng. Med det oppnår ein at RTP kan fungere som forankringspunkt for Handlingsplan for trafikksikring, på liknande vis som Nasjonal Transportplan pr. i dag fungerer som forankringspunkt for Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet. Det fordrar at ein ser på planstrukturen i fylket og samkøyre prosessane noko meir enn i dag.

I den grad RTP kan påverke dei økonomiske rammene i trafikktryggleiksarbeidet, ser Trygg Trafikk det som føremålstenleg med ei auka satsing framover for å nå ambisiøse mål både på fylkesnivå og på nasjonalt plan.

Under punkt 6 Organisering, prosess og medverknad skal fylket ha ros for å leggje opp til ein brei og open saksgang. Trygg Trafikk meiner eit breitt og tverrsektorielt samarbeid er nødvendig for å sikre vidare reduksjon i trafikkulukkene og for å halde trykket oppe.

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås
Distriktsleiar Hordaland
Tel: (+47) 41 20 61 32
E-post: nestas@tryggtrafikk.no

Trygg Trafikk
Agnes Mowinckels Gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
www.tryggtrafikk.no

